



# KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2015

20. ÅRGANG



*Julenatt i Vestnes*

*Gledeleg jul!*

# Evangeliet etter Lukas


## Kapittel 2

### Jesus blir fødd

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då för alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrd til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det



ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrd på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde hørt og sett; alt var slik som det var sagt dei.

## Forsidebildet

Ved Audbjørg Gjerde Lippert



Forsidebildet er eit utsnitt av eit større måleri av Lillian Langstein. Vi har fått lov til å «skjere ut ein bit» og kalle det «Julenatt i Vestnes».

Lillian har i ei årrekke vore aktiv i Tomrefjord Målarklubb. Ho har ein stor produksjon bak seg. Svært ofte går fjell igjen i hennar bilde. Her er det Ystetind og Trolltind

som trer vinterkledde fram for oss i sine blå og kvite tonar. Dei to toppane er synlege frå store delar av kommunen, og dei kviler over oss i julenatta. Sjølv om fjell rasar ut, og naturen endrar seg gjennom tidene, er det vel grunn til å tru at dei to toppane var dei same julenatta for godt og vel 2000 år sidan. Kanskje stod Betlehemsstjerna der og tindra som eit lysande punkt mange feste seg ved og undra seg over kva var, slik vi ser ho på bildet? Kunne bildet vore måla den natta og fortalt oss her i nord om underet i Betlehem?



# Den heilage treeininga av Andreas Rubljov (ca 1360-1430)

Ved Audbjørg Gjerde Lippert

Pastor Helge Unneland skriv om dette kjente ikonet, og denne teksten er nært knytt til det han seier.

I den ortodokse kyrkja har ikonet ein sentral plass. Det mest berømte og uttrykksfulle av dei russiske ikona er truleg *Den heilage treeininga* av Rubljov. Vi har Faderen, Sonen og Anden rundt bordet der nattverdkalken står. Ikonet inviterer oss til å sjå inn i Treeininga sin fellesskap og det guddommen vil gjøre for oss menneske.

Ikonet framstiller ein innbyrdes samtale og kommunikasjon mellom Faderen, Sonen og Den heilage ande. Dette blir uttrykt gjennom kroppsspråket rundt bordet.

Komposisjonsmessig dannar figurane ein sirkel - den geometriske figuren for det fullkomne og personane sin einskap. Figurane er identiske, men likevel forskjellige. Bildet av dei tre rundt bordet gir oss eit glimt inn i Guds rike, inn i kjærleikens hus, og vi menneske blir inviterte inn dit.

Fader, Son og Heilag ande - frå venstre til høgre sett av oss. Sonen sit i midten. Det ser vi av dei to fingrane som symboliserer den guddommelege og menneskelege naturen hans. Fingrane peikar mot ein nattverdkalk, symbolet på Jesu offer for vår synd, - Guds Lam som ber verdas synd. Vi aner at tema for samtalens er Guds kjærlek til menneska. Saman med Sonen bøyar Anden, personen til høgre - seg mot Faderen som er deira felles opphav, og som alt går ut frå.

På bildet ser vi at Anden peiker mot den ledige sida av bordet som vender mot oss. Dette blir framheva gjennom Andens ekstra lange peikefinger. Anden innbyr oss til gjesteboden i Guds rike, inn i fellesskapen med Den treeinige Gud. Ved å gjere Jesu ord og verk nærverande og levende for oss i dag, formidlar Anden Jesu eige nærvær. Dette talte Jesus om til lærersveinane før han døydde: "Eg vil ikkje la dykk vere att som foreldrelause born. Eg kjem til dykk. .... Men talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk." (Joh.14,18+26). Anden inviterer til ein fellesskap som har sentrum i Jesus Kristus.

Midt mellom Anden og Faderen har Rubljov måla Kristus. Kjortelen hans er jordfarga. Han høyrer til Jorda. Som Jesus frå Nasaret er han Guds ansikt i verda. Noko anna ansikt har ikkje Gud vist oss. Barnet i Betlehem og mannen frå Nasaret lét seg sjå, høyre og røre ved: "Det som var frå opphavet, det vi har hørt, det vi har sett med våre eigne auge, det vi såg og det hendene våre rørte ved, sjølve livsens ord, det forkynner vi." (1. Joh. 1,1).

I sentrum for Rubljovs bilde står alteret og kalken med Jesu



blod. Kalken står tett ved kanten av bordet som vender mot oss. Kristus peikar mot kalken og dermed på sin død, og ber Faderen om å ta imot dette offeret for verdas synd. Faderen løftar den høgre handa til velsigning, og viser på den måten at Sonens gjerning blir tatt imot og gjort gjeldande.

I Rubljovs ikon bøyar Sonen og Anden seg mot Faderen. Faderen er den som i truedkjeninga sitt språk føder Sonen og lar Anden gå ut. Alt det Sonen og Anden gjer, er derfor med Faderen og til Faderen. Innanfor sirkelen vender dei tre seg mot kvarandre og kommuniserer rundt bordet. Bevegelsen frå Faderen mot Sonen, og frå Sonen og Anden mot Faderen uttrykker djup kjærleik og fortrulegheit. Mot oss som ser på bildet, går ein invitasjon til å sette oss på vår plass, og delta i samtalens og fellesskapen mellom dei tre.

I bakgrunnen ser vi eit tre. Truleg er det Livets tre frå Paradiset. Det står i forlenginga av den mørkebrune linja frå kalken på alteret- gjennom Jesu skikkelse. Denne linja forkynner at Kristus gjennom sitt offer har opna veg til paradiset, den nyskapte Jorda. Det andar fred frå Rubljovs ikon. Atmosfæren i bildet er fred. Dei tre rundt bordet er føydd saman i sirkelen, symbolet på den fullkomne fellesskapen, det som er frå øve og til øve. Den som tar plass ved dette bordet, er omslutta av ei større verkelegheit enn den eigne ressursar utgjer. Derfor er vi samla her - for å sitte ned og kvile, - for å finne vår plass!

# Den nye prosten i Indre Romsdal



*Erling Nevland vart tidlegare i år tilsett som prost i vårt eige prosti. Kyrkjebladet ønsker å presentere han som no har dette viktige arbeidet i Den Norske Kyrkja. Vi bad han skrive om seg sjølv, og nedanfor kan ein lese det han har skrive. Alt no har vi eit samarbeid med prosten, for juleandakta i dette bladet har han skrive, og det takkar vi for.*

*Redaksjonen*

Hei - jeg er den nye prosten i Indre Romsdal prosti. Jeg har vendt tilbake til Romsdal etter 20 år.

Det hadde seg slik at jeg i romjula i fjor ble spurta om jeg kjente noen som kunne være vikar i Rauma eller om jeg kunne tenke meg å være det selv. Etter 10 dager ringte jeg tilbake for å høre om de hadde fått noen navn. Det hadde de ikke. Jeg sa at jeg kunne begynne 1. februar. Jeg visste også at prostestillingen ville bli utlyst, og jeg ville kjenne litt etter om jeg ville søke. Da ble det slik at jeg fikk tilbud om stilling som prost i Indre Romsdal, og jeg takket ja.

Min første periode som prest hadde jeg i Grytten - eller Rauma - fra 1987 til 1996. Det var en god periode, vi trivdes godt, men kjente allikevel på at vi ville ha noen år nærmere familie siden vi hadde 4 barn. Det ble til at jeg fikk stilling som lærer og skoleprest ved Kristelig Gymnasium i Oslo og vi planla å bygge hus i Spydeberg. Det siste som skjedde oss i familien før vi skulle reise, var at vår yngste datter døde plutselig. Det gjorde at livet ble annerledes for oss på mange måter.

For min del ble det vanskelig å være lærer og prest, forkynner og sjælesørger. Jeg gikk ned for telling, og begynte etter hvert med praktisk arbeid på byggeplass. Jeg begynte å bygge hus. Det passet godt inn i en periode hvor jeg trengte å bygge meg selv opp. Jeg begynte som tømrerlærling i en alder av 37, tok svennebrev som tømrer og siden mesterbrev. Jeg trivdes godt med et praktisk, skapende arbeid. Ved siden av var jeg litt

vikarprest på enkelte sondager, og jeg fulgte flere kull med konfirmanter. Jeg var uheldig og falt i et stillas. Det førte meg tilbake til prestetjeneste; først ved Borg bispedømmekontor som rådgiver og vikarprest i Spydeberg. Siden som sogneprest i Spydeberg frem til 2013.

Før jeg kom hit nå hadde jeg en periode som tømrer. Nå, er jeg prost. Det er litt annerledes enn å være sogneprest. I det følgende vil jeg nevne litt fra tjenesteordningen for proster:

Prosten leder prestetjenesten i prostiet og bistår biskopen. Prosten skal i samvirke med kirkelige råd og utvalg bidra til et godt arbeidsmiljø, samarbeid og åndelig fellesskap innen de kirkelige arbeidslag i prostiet og bistå ansatte og kirkelige organer med faglig veiledning, råd og støtte.

Prosten ivaretar arbeidsgivers styringsrett overfor prestene i prostiet og har biskopen som sin overordnede. Prosten er forpliktet på de mål og strategier som er fastsatt for virksomheten i Den norske kirke og i vedkommende bispedømme og skal støtte opp om tiltak som fremmer disse.

Prosten skal sørge for den nødvendige samordning mellom prestetjenesten og de kirkelige rådenes virksomhet.

Prosten skal se til at prestene i prostiet forvalter Ord og sakrament slik at kristen tro og kristent liv fremmes i menighetene ved at de etter gjeldende ordninger

- a) holder forordnede gudstjenester og forretter kirkelige handlinger,
- b) deltar i utførelsen av dåps- og konfirmasjonsopplæring,
- c) utøver sjælesorg og veiledning, går med dødsbud, reiser i soknebud og også ellers besøker syke i soknene og
- d) utfører forkynnerarbeid og i samråd med menighetsrådet annet menighetsbyggende arbeid.

Prosten har kontor sammen med administrasjonen for Rauma kirkelige fellesråd på Åndalsnes.

Stillingen er delt 50/50. I den andre halvdelen er jeg sogneprest i Grytten Kors og Øverdal.

Jeg har flyttet inn i tjenesteboligen i Kamsvegen 4 på Åndalsnes sammen med Margaret. Vi har vært gift i 33 år. Alle barna har flyttet ut, yngstemann går på folkehøyskole i Nordfjord dette året.

Ved siden av arbeid og familieliv er jeg glad i friluftsliv på sjøen, i skogen og på fjellet til alle årstider og under alle værforhold.

Jeg er glad for mottakelsen jeg har fått etter å ha kommet tilbake til Romsdal! Jeg og familien min trives med å ha kommet tilbake.

# Folkefrelser til oss kom

Av Erling Nevlund

Julegrantenning, adventssamling, lysmesse, skolegudstjeneste og juletrefest - det er programposter for mange nå i desember. Det er vel ingen annen tid på året vi har så mange fellessamlinger med store og små som nettopp nå. Vi synger, vi hører, vi ser, vi leser, vi gleder oss - over folkefrelseren som kom til oss.

Folkefrelsar, til oss kom,  
fødd av møy i armodssdom!

Heile verdi undrast på  
kvi du såleis koma må.

S13 2:1

Dette er det første verset i en av de første salmene i salmeboka vår. Det er også en av de eldste salmene vi har, men innholdet er fortsatt aktuelt. Det er Folkefrelseren som kom til oss som er julens innhold og julens budskap. Det er nok mange som undrer seg over denne Folkefrelseren; at han fortsatt betyr så mye. Det merkelige er at folk begynte å snakke om Jesus flere hundre år før han ble født, og vi snakker om ham i dag, tusen år etter han ble født.

## HAN SOM SKAL KOMME

Profetene i Det gamle testamente forteller om en som skulle komme. Det kan vi lese om hos profeten Jesaja som bl. a. sier:

Derfor skal Herren selv gi dere et tegn:  
Se, en jomfru skal bli med barn;  
hun skal føde en sønn,  
og du skal gi ham navnet Immanuel.

Jes 7:14

For et barn er oss født,  
en sønn er oss gitt.  
Herreveldet er lagt på hans skulder,  
og hans navn skal være:  
Underfull Rådgiver, Veldig Gud,  
Evig Far og Fredsfyrste.

Jes 9:6

Det profeten Jesaja fortalte om gikk i oppfyllelse:

Alt dette skjedde for at det ordet skulle oppfylles  
som Herren har talt gjennom profeten.  
Matt 1:22

## HAN SOM KOM

Jesus ble født; jomfru Maria fødte en sønn i Betlehem:

Herrens under her me ser,  
ved Guds Ande dette skjer.  
Livsens ord frå himmerik  
Vert i kjøt og blod oss lik.



Utan synd han boren er  
som all synd for verdi ber.  
Han er både Gud og mann,  
alle folk han frelsa kan.

S 13 2:2-3

## HAN SOM KOMMER IGJEN

Jula minner oss om Jesu fødsel, hans første komme. Bibelteksterne i adventstiden minner oss om at vi skal forberede oss på at Jesus skal komme igjen - for andre gang. I trosbekjennelsen vi bruker mest, sier vi bl.a. at "Jesus skal komme igjen for å dømme levende og døde." "Å stakkars meg!" sa en konfirmant til meg nylig. Men vi trenger ikke engste oss for dagen da Jesus kommer igjen, for han er vår Frelser. Det er julens viktigste budskap. Bibelen forteller en frelseshistorie om hvordan du og jeg kan bli frelst:

Dette er skrevet ned for at dere  
skal tro at Jesus er Messias, Guds Sønn,  
og for at dere ved troen skal ha evig liv  
i hans navn.  
Joh 20:31

Dette sier Johannes i avslutningen av sitt evangelium. Det du trenger for å bli frelst, står i Bibelen. Mange synes det blir for mange ord og for lite liv. Ordet kan skape liv. Ta imot julehilsenen fra Gud med glede og forventning:

Jeg kommer til dere med bud om en stor  
glede, en glede for hele folket:  
I dag er det født dere en Frelser i Davids by;  
han er Kristus, Herren!  
Luk 2:10-11

**GLEDELIG JUL!**

# Juleglans og innmatkake

Av Alf Prøysen

Det peneste juletreet je har sett i mitt liv, var juletreet i Svingen. Og det juletreet vart penere og penere for hårt år. Det rakk helt oppi taket og var dryssfullt ta glitter og glasskuler, papirkørjer og lys.

Åtte daer før jul pynte dom juletreet i Svingen: Mæinn og kjærringa, den vaksne sønn og de tre onga. Og æille vi andre onga som bodde i grenda omkring Svingen, fekk vara med og sjå på.

"Sett dekk pent på senga nå, så skal de få sjå på," sa kjærringa. Og vi klopte øss i hop oppi senga, skubbe og fløtte øss, så det skulle bli plass til æille. Vi sa itte et ord, vi bærre såg. Helt til det var noen som banke på ruta og ropte navnet våres. Det var utsendinger hemanifrå, store søsken som skulle få øss telbars att til hverdagen. Tel vedhogginga og kveldsgrauten og skulelekса.

Og da var det itte moro å fortælja at vi hadde vori i Svingen. Ingen skulle gå dit, folket i Svingen var mokksamme og domme, dom kunne itte hæindtere penger, itte hadde dom gris så det vart no julkveldsomat, vedtomt var det i skålen der nesten støtt. Og et nyt klesplagg hadde itte onga der fått på mange år. Hadde dom tjent litt ekstra til jul, så kjøpte dom juletrepynt.

"Åffer kæin itte vi ha slikt juletre som dom har i Svingen da?" kunne vi onga sei der vi satt i tjukke gensera og åt blodklubb.

"Jo - ville du heller sitta her og fryst og itte ha noe mat så -." Og det var forklaring nok for øss. Vi godtok den. For da skjønte vi at vi hadde det bedre enn folka i Svingen. Vi hadde det bedre enn mange andre og, hu mor delte ut en fleskebæta og litt mjølk til dom som itte hadde. - Slik var det å ha god

råd, tenkte vi onga der vi gikk i tusmørke og delte ut tel dom som satt "trångt i det". Den gamle kjærringa inni skauen folde henda og gret da vi kom, vi følte oss nesten som engler der vi sto ved døra og hørde å snille vi var. Og den giktbrøtna kællen oppå loftet i Svestugua, hæin sa både takk og ære.

Så hadde vi bære Svingen att. Hu mor hadde sendt med ei pølse som vi skulle levere der og.

"Men det er vel itte stort hjelp i det, dom greie itte å gjømme noe til julkvelden kjem," sa hu mor da hu putte pølsa i kørja. "Vi kjæm med litt julemat vi," sa vi da vi kom inn.

"Takk for det, legg pølsa på bordet," sa kjærringa. Mæinn sette fram stol ått øss, vi belaga øss på såmå takksamheten som vi hadde møtt hos de andre som fekk julesmak. Men så flaug den vesle dotter der over golvet og slo opp døra ut i den kæilde stuа.

Der sto juletreet med den peneste og blankeste juletrepynten som tenkjes kunne. Og så var vi onga like fattige att.

Det var oppi Svingen dom hadde juleglansen, tenkte vi. Og så gikk vi sakte hematt og åt innmatkaker.



Audbjørg Gjerde Lippert

## Konsertar i adventstida og julehelga

Vestnes kyrkje søndag 6. desember kl 18.00

Tomra Brassband m/ gjestesolistane:

Daniel Herskedal, Marius Næset og Birgitte Velsvik.

Vestnes kyrkje tysdag 22. desember kl 19.00

Songgruppa Forkava

Vestnes kyrkje tysdag 29. desember kl 18.00

Musikkens Venner Tomrefjord

### Adventsksontar:

13. des.: Fiksdal kyrkje kl. 15.00

13. des.: Vike kyrkje kl. 17.00 m/ Tomrefjord Songlag

13. des.: Vestnes kyrkje kl. 19.00

20. des.: Tresfjord kyrkje kl. 19.00

# Min julesalme

Av Kaare Lervik etter samtale med Marie Løken

Saman med mannen sin, Olav, flytta Marie Løken i haust frå Tomrefjord til Senior Plaza på Helland. Om lag på same tid fylte ho heile 90 år. Ikkje så lenge etter at vi snakka med Marie, døydde dessverre mannen hennar.

Gjennom mange år var ho ein svært ivrig og trufast medlem i Tomrefjord Songlag. Derifrå har ho gode minne, og hugsar med glede mange av julesongane koret framførte. No får ho ikkje synge sjølv, for hørselstapet hennar er for stort. Tekstane talar til henne, og ho vel «Deilig er jorden» som sin julesalme. Denne teksten seier så mykje, meiner ho, og det har ho så rett i. Kva denne, og andre tekstar til våre kjære julesongar, betyr for kvar einskild, er svært individuelt. Slik sett overlèt vi til den enkelte av lesarane å tolke Marie Løken sin julesalme.



# Min julesalme

Av Rita Kjersheim

*Deilig er jorden, prektig er Guds himmel,  
skjønn er sjelenes pilgrimsgang...*

Siste søndag i advent, mørkret har senka seg, det larar ned. Det er adventskonsert i kyrkja. Vi står i benkane, og songen fyller heile rommet. Det er då eg kjenner denne roa som vi alle leiter etter. Det er noko med slike rom og tonane frå denne salmen som treffer ein nerve i meg, som får meg til å tenkje på dei som har gått bort frå oss, og som vi så sårt saknar, - kanskje spesielt i desse høgtidsstunder. Men vi tenkjer òg på dei vi har rundt oss, som vi kan glede oss over og vere takksame for å få lov å ha nær oss.

*Tider skal komme, tider skal henrulle...*

*slekt skal følge slekters gang...*

Det er noko med desse orda som treffer meg så inderleg! Slekt skal følgje slekters gang..

Jula for meg er familie og tida eg får med dei. For meg, det viktigaste av alt!

I sommar miste eg ein person som stod meg så hjartans nær, - min kjære Besten, som eg har delt mange musikalske opplevelingar med. Han har vore eit forbilde for meg, og utan at han nok visste det, ein motivator. Han lærte meg mykje om mangt og om mange songar som vi song saman. Han lukka auga, folda hendene og song med ei slik utruleg ro i seg. No er han borte, og slekt skal følgje slekters gang. Eg veit at når eg står i kyrkjebenken på adventskonserten neste gong og syng desse orda, vil den songen bety endå meir for meg enn han gjorde før.

Denne salmen er eigentleg ikkje ein julesalme, men no er han brukt mest i denne høgtida og står sterkt som ein av dei vakraste «julesalmane», i alle fall for meg.



## Deilig er jorden

Deilig er jorden, prektig er Guds himmel, skjønn er sjelenes pilgrimsgang! Gjennom de fagre riker på jorden går vi til paradis med sang.

Tider skal komme, tider skal henrulle, slekt skal følge slekters gang; aldri forstummer tonen fra himlen i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den først for markens hyrder; skjønt fra sjel til sjel det lød: Fred over jorden, menneske, fryd deg! Oss er en evig Frelser født!

# Lys vaken

Av Ingvild Venås Sánchez

Lys Vaken blir arrangert i heile landet og er eit tilbod for alle som går i 6. klasse. Lys Vaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss. Vi skal vere lys vakne for kvarandre, for Gud og for oss sjølve. Og det aller beste er at Gud alltid er Lys Vaken for oss! Dei fleste stader er Lys Vaken lagt til den første helga i advent. Her i Vestnes kommune er det 6.klassingane i Fiksdal som har det den helga. I Vestnes og Tomrefjord vart Lys Vaken i år arrangert den 7. november. Mange stader i landet er overnatting i kyrkja ein del av oppleget. Viken og Tresfjord har hatt overnatting på Lys Vaken frå oppstarten av tiltaket. I Vestneskyrkja har det ikkje vore tradisjon med overnatting på Lys Vaken. Dette året ønskte vi å arrangere Lys Vaken i Tomrefjord med overnatting i Tomrefjord Kristne Forsamlingshus. Dit kom det 7 gutter og 3 jenter for å vere med på Lys Vaken 7. november. Etter at alle hadde fått Lys Vaken T-skjortene, og trusopplærar hadde fortalt om oppleget, hadde vi bøn og lyttenning. Så hadde konfirmantane som var med og hjelpte til, ein bli-kjent-leik. Det vart mykje liv og latter då den som stod i midten, skulle finne seg ein ledig stol når han/ho hadde sagt ein ting om seg sjølv, og alle som hadde same interesse eller eigenskap, skulle bytte stolar! Lys Vaken-songen skulle læresta, så denne blei øvd inn med både tekst og bevegelsar! Før vi hadde matpause med pizza, som nokre foreldre hadde sørga for, hadde vi om Jesus som 12-åring i templet. Dette blei fortalt med teikneserie, og vi samtala litt om det



etterpå. Pizzaene og potetgullet forsvann på eit blunk, og etterpå leika ungane «gøyme og leite», før vi hadde hobbyaktivitet med laging av voksllys. Deretter var det skattejakt med lommelykt for å løyse ei oppgåve som skulle bli til eit bibelvers. Vi hadde endå ein leik før vi byrja å gjere i stand til overnattinga. Då alle madrassar, liggeunderlag og soveposar var på plass, hadde vi ei godnattsamling før vi viste ein film. Etter filmen tok det endå ei stund før det vart kveldsro, men det vart i alle fall seks timer sovn den natta. Ein flokk trøytte ungar å frukost dagen etter, men dei var ikkje trøyttare enn at dei rakk ein runde til med «gøyme og leite» etter at dei hadde pakka sakene sine! Så tok vi turen til kyrkja i Vestnes der vi øvde gjennom Lys Vaken-songen nokre gongar før han vart framførd på familiegudstenesta klokka 11.00. Takk til dei frivillige som var med å gjera Lys Vaken til eit kjekt arrangement for ungane!

# Vingfest på Vestnes bedehus

Av Solfrid Elin Sævareid

Fra mandag 26. til torsdag 29. oktober var det vingveke på Vestnes bedehus. Ving er barnelaget som held til på bedehuset annankvar mandag. Der samlast born fra 1.klasse og oppover. Der får dei høyre bibelforteljingar og lære songar. Dei har òg ulike aktivitetar og et mat ilag. Heilt sidan Ving starta for 25 år sidan, har det vore tradisjon å ha vingveke. Då samlast borna til andakt og øving til songar, tre kveldar som er som ei førebuing til høgdepunktet på veka som er Vingfesten. Då er det meininga at borna skal få invitere familiene sine med, og det viste seg at det hadde dei klart å gjere på ein god måte i år òg. Då alle dei 140 stolane som var å oppdrive på bedehuset, var fylte, måtte fleire av vingborna setje seg framme



Fullt hus på Vingfesten.

på podiet. Det var stor spenning då resultatet av tippekrukka med godteri vart avslørt. Spenninga var òg stor under utloddingsa. Bedrifter og butikkar på Vestnes hadde sponsa mange av gevinstane. Eit stort bord med mykje god mat var dekt i gangen. Dette var mat som foreldre og besteforeldre hadde teke med. Det var andakt av Torgunn Nerland. Borna hadde laga fine lykter og fargelagt og klipt ut fiskar for å understreke temaet for veka som var «fisk». Fiskane var festa inni eit garn som hang framme på podiet. Det var nydeleg å høyre og sjå Vingkoret syngje for oss, mellom anna songen «For så høgt har Gud elskat verda». Det var fleire av foreldra som ga uttrykk for at det var vanskeleg å halde tårane tilbake.



Tema for kvelden var fiskehistorier frå Bibelen.

# 10+

Denne hausten har vi starta opp 10+ i kjellaren på kyrkjekontoret på Myra annankvar tysdag kl. 18.00 til 20.00. Sjå datoar for hausten på [www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no) 10+ er eit tilbod for 10-12-åringar i Vestnes sokn. Her kan dei kome og ha det kjekt i lag. Til no har vi hatt mykje leikar ute, og så er det mat og kiosk før vi har ei andakt der barna får høyre historier frå verdas mest lesne bok: Bibelen. Kyrkja står bak tilboden, og gruppa er ein medlem av Acta, som er Normisjon sitt barne- og ungdomsarbeid. Overskotet frå kioskinntektene går til Normisjon sitt arbeid i Nepal, der pengane trengst spesielt no etter jordskjelvet i vår.

Tysdag 13. oktober hadde vi 10+ klubb for fjerde gong. Det var 24 ungar som kom denne gongen. Vi har først leikar ute. Denne gongen hadde vi mellom anna *Kongen befaler*, ein stafettleik, *Tre gonger rundt huset* og *Boksen går*. Spesielt kjekt var det nok å vere konge og bestemme kva dei andre skulle gjere.

Etter leiken var det mat med hamburgarar på menyen, som Rema 1000 hadde sponsa! Elles var det sal av stjernebollar med sjokolade i, som 7.klassingane hadde vore med og laga. I kiosken var det også andre ting for den som ville ha noko sött eller salt.

Ikkje berre hadde vi stjernebollar, men vi hadde òg hengt opp nokre stjerneteppe, sidan temaet for andakta var Abraham.

Trusopplærar Ingvild Venås Sánchez fortalte om Gud som velsigna Abraham og lova han ei ætt så talrik som stjernene. Ho fortalte òg om korleis vi alle er blitt



velsigna gjennom Abraham si slekt ved at Jesus er fødd inn i denne slekta, og at vi alle gjennom tru på Jesus er velsigna av Gud!

Både ungane og dei vaksne leiarane hadde ein kjekk kveld, og vi ser fram mot mange fleire tysdagskveldar saman!



## Nytt barnekor i Vestnes kyrkje

Etter eit lengre opphold er det no blåse liv i barnekoret igjen. Det er Sissel Schiøtt som har ansvar for dette. I denne omgang er det eit tilbod til barn i 2. og 3. klasse. Korøvingane er på Helland skule kvar torsdag, rett etter skuletid (kl. 13.00).



# Sokneråda i Vestnes 2015 – 2019

14. september 2015 var det val av sokneråd. Ein del soknerådsmedlemmer var villige til å ta fatt på ein ny periode, men òg ein del nye folk kom til. Alle tok til i sitt tillitsverv 1. nov., og Kyrkjebladet ønskjer dei lykke til i dette viktige arbeidet for alle kyrkjelydane i kommunen.



## Vike sokneråd:

1. rekkje frå venstre: Bjarne Leikarnes, Irene Vike (vara), Liv Randi Sæter Balstad/leiar), Liv Gisnås og Martin Balstad. 2. rekkje frå venstre: Olha Lyakhovyn (vara), Bjørg Gjermundnes (vara), Inger Marie Jakobsen Sylte, Ann-Karin Wessel Gallagher og Kari Legernes. Ikkje til stades: Ann Kathrin Hjelvik (vara) og Brit Leikarnes (vara).



## Tresfjord sokneråd:

Frå venstre: Sokneprest Inger Marie Jakobsen Sylte, Liv Borghild Hildre, Stine Therese Raknem Skjegstad, Kirsti Hegvik, Jan Erik Dahl (vara), Halvor Nerheim (vara), Finn Skjegstad (vara) og Jan Arvid Sylte. Ikkje til stades: Hans Sylte, Turid Dagrun Skorgen (leiar), Geir Kåre Bjermeland (vara), Randi Margrete Braute Sylte (vara).



#### **Vestnes sokneråd:**

Frå venstre: Arild Hustad, Håvard Skrede (leiar), Ansgar Misund, Ellen Marit Dimmen Vik, Svanhild Flate, Grete Vik Kjersem og Kari Moe Elgsaas. Ikkje til stades: Unni Eik Vestnes, Elin Øverås (vara), Eivind Schiøtt (vara) Bjørg Gimmetstad Smith (vara), Eli Neraas (vara) og Arne-Jan Steen (vara).



#### **Fiksdal sokneråd:**

Frå venstre: Monica Bergheim, Thor Ringsby (leiar), Ola Nakken, Sigmund Leif Rekdal, Kjell Magne Nakken, Anne Ingebjørg Solli Rekdal (1. vara) og Gunn Ellingseter Havnsund. Ikkje til stades: Harald Anders Nakken (vara), Aase Karin Marken (vara), Gunnar Elias Kjærstad (vara), Palma Kjerstad (vara)

# Eit lys i mørket

Av Kaare Lervik



Diktet «Eit lys i mørket» skreiv Kjell Arne Nakken i 1964 medan han var elev ved Molde gymnas, og det sto i skuleavisa «Mjølner». Den tida var Kjell Arne ein ung og idealistisk mann, og idealismen har han framleis. Sidan han ser at diktet har ein generell appell mot alle krigar og følgjene av dei, og har eit kristent verditilfang, tilbyr han oss å bruke diktet i kyrkjebladet.

"De gode gjerninger redder verden", sa Bjørnson. På bakgrunn av krigen i Syria og andre stader med det flyktningetrykket vi no har i Europa og Noreg, er denne utsegna viktig, seier Kjell Arne, og han held fram med å seie at vi må gå inn for humanitær hjelp og arbeide for auka bruk av forhandlingar og dialog med alle partar meir enn krigsbruk. Kanskje kan vi då få ei betre verd på sikt.

Sjølv om ikkje vi i Vestnes kan gjøre så mykje frå eller til for freden i verda, kan vi slutte oss til orda frå Bjørnson. Humanitær hjelp bør ikkje vere framand for nokon av oss.



## Eit lys i mørkret

Nattmørkealar  
hysande svarte ramnar.  
Eit gys frå helvetsalar  
- menneskeborn det famnar.

Krigens heltar gliser,  
halsande etter manneblod raude.  
Store er verdas kriser  
- mannehjarta daude.

Jorda i opphav vakker,  
med tryggleik for mann og kvinne.  
I elde ein hatets fakkelt,  
- øydelagd på sinne'.

Tillit kan ikkje byggjast  
på krigens reiskap.  
Med vald eit samfunn ikkje tryggjast  
- berre daudens leiskap.

Legg sverdet i grav!  
Sei det i kor.  
Følg ikkje krigens krav  
- men lær meg ordet bror.

*Kjell Arne Nakken*



# Vi tenner lys

Tekst og bilde av Per Audun Högset

Så tenner vi det første lys i denne mørke tid,  
for mennesker som kjemper når det mot natta lir.  
Må ingen vonde tanker i hjertet ditt slå rot,  
må håpet bli ei stjerne som skal lyse for din fot.  
Det lyser over jord,  
til alle dem som tror  
at her er det rom for alle.

Så tenner vi det andre lys, og husker alle dem  
som vold og sult har røvet fra en mor, en far, et hjem.  
Vi strekker våre hender ut, til søster og til bror,  
og sorga blir litt lettere, og gleda, den blir stor.  
De lyser over jord,  
til alle dem som tror  
at her er det rom for alle.

Så tenner vi det tredje lys, for liv som ufødt er,  
for mennesker vi savner og de som står oss nær,  
for tider som skal komme, for tider som er vekk,  
for liv i skog, for liv i hav, for hvilen ved en bekk.  
De lyser over jord,  
til alle dem som tror  
at her er det rom for alle.

Så tenner vi det fjerde lys, det gir en hellig ro,  
for denne vesle kloden vår der du og jeg skal bo.  
Den er et lite støvkorn i et digert himmelrom,  
den går så lett i stykker, så den må vi verne om.  
De lyser over jord,  
til alle dem som tror  
at her er det rom for alle.


Som lys, gå gjennom livet, og la andre skinne, venn,  
og samme hvem du elsker, som elsker deg igjen,  
og samme hva du heter og fargen på din hud,  
og samme hvilken tro du har, og navnet på din Gud,  
da dannes det på jord  
et stort og mektig kor,  
og her er det rom for alle.



# BARNAS SIDE

## Fargelegg

Jesus, Maria og Josef kjem heim til Nasaret.



Teikningar: Rikke Fjeld Jansen

## Finn 5 feil

Engelen fortel Josef at dei må flykte til Egypt. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem små feila på biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet



# BARNAS

16 blader + DVD eller bok  
= berre 365,-

Gruppeabonnement berre 199,-  
per barn




Bibelteikneseriar  
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som  
faddergåve!

Ting på [barnas@sondagsskolen.no](mailto:barnas@sondagsskolen.no) eller på telefon 22 08 71 00

## Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2  
og så vidare. Kva skjuler  
seg her?



## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00  
Telefaks: 71184231

Signe Hellevik, sokneprest  
Telefon: 71184234/ 91123045  
E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, sokneprest  
Telefon 71184236/ 99717442  
E-post: imjsylte@gmail.com

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232  
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje  
Telefon: 71184235/ 91629416  
E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Liv Turid Kristiseter, diakoniarbeidar  
Telefon: 71184237/ 95948477  
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiott, kantor: Telefon: 71184230/ 95270346  
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar  
Telefon: 71184238/ 41472908  
E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Nina Kvernmo, konfirmantlærar  
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:  
[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)



## Gåve til Kyrkjebladet

Det er kjekt å få tilbakemeldingar om at mange les og set pris på Kyrkjebladet. Når det gjeld økonomien, er vi framleis avhengige av gåver frå lesarane. Vi takkar derfor alle som vil gje ei pengestøtte slik at Kyrkjebladet kan kome ut neste år også. Bruk giroen som ligg i bladet, eller kontonummer **4056.20.62124** for di gāve.

**Ein stor takk til  
alle som støttar oss.**

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik,  
Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken,  
og Reidun Blø

**Adresse: Kyrkjekontoret 6390 Vestnes**

[kyrkjebladet.vestnes@gmail.com](mailto:kyrkjebladet.vestnes@gmail.com)

\*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen. Takk!*

**Gåver til drift og distribusjon av  
Kyrkjebladet er kjærkomne.**

**Kontonummer 4056.20.62124**

**Det er mulig å bestille bladet  
for dei som bur utanfor kommunen.**

## Takk!

Kyrkjebladet takkar Kaare Lervik for åra han har vore redaktør for bladet vårt. Han har vore ein inspirator for oss andre i redaksjonen. Med si store kontaktflate og evne til å finne gode bidragsytalar til eit innhaldsrikt kyrkjeblad, har han teke sin rikelege del av arbeidet. Vi skulle gjerne hatt han med lenger, men respekterer avgjerda hans og takkar for god innsats gjennom fleire år!

*For redaksjonen, Kari Nakken*



## Ny heimeside

Denne hausten har Kyrkjene i Vestnes fått ny heimeside! Her kan du få oppdateringar på det som skjer i kyrkja, og informasjon om dei ulike tilboda kyrkja har. Du finn òg kontaktinformasjon om du har spørsmål eller berre ønskjer å snakke med oss.

**Ta gjerne ein kikk innom på [www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no) !**

# Slekters gang

## Vestnes kyrkje

### Døypte:

- 23.08 Mila Herje  
 06.09 Julian Eiken  
 06.09 Josefine Skjegstad Neraas  
 20.09 Håvard Bergset Hestenes  
 20.09 Ferdinand Kjøpstad Langstein  
 04.10 Peder Baade Fiksdal  
 04.10 Jakob Nergård Karlsen  
 25.10 Tobias Dragnes-Limås  
 25.10 Sofia Hjelvik  
 25.10 Alma Hoem-Fagerheim  
 08.11 Adrian Elias Madsen Furland  
 08.11 June Buseth Løvoll  
 08.11 Jenni Vik Heggdal  
 08.11 Håkon André Aas

### Vigde:

- 21.08 Hanne Karlsen og Frank Robert Wenaas  
 22.08 Cecilie Mariell Aas og Raymond Jarl Furland  
 22.08 Veronica Madsen og Erik Michael Christoffer Jakobsson  
 29.08 Kari Lene Kleiva og Tor Inge Skogvoll

## Døde:

- 21.08 Turid Berg  
 31.08 Gunvor Petra Nerhus  
 04.09 Kristian Hildre  
 13.09 Arne Stokkeland  
 25.09 John Misfjord  
 09.10 Marit Viike  
 16.10 Per Gjelsten  
 22.10 Kjell Sagen  
 21.10 Lucie Johanne Slutås  
 23.10 Johan Hilmar Gjærsæt  
 26.10 Olav E. Løken  
 26.10 Geir Magne Selnes  
 09.11 Helga Petra Eik

## Fiksdal kyrkje

### Døypte:

- 30.08 Jakob Liabø Hanssen  
 11.10 Trine Orvik  
 11.10 Trym Havnsund Håbet  
 01.11 Pia Leine Bergem  
 01.11 Elian Aas  
 15.11 Ine Øverås Akselvoll  
 15.11 Iver Elias Paus

### Vigde:

- 15.08 Hege-Anette Wernberg og Bjørn Tore Aas  
 22.08 Evy Marie Tofte og Henry Knudsen

## Døde:

- 22.07 Bjørn Gjelsten  
 04.09 Edel Laila Gjelsten  
 14.10 Olaug Bergheim  
 19.10 Paul Nakken

## Tresfjord kyrkje

### Døypte:

- 18.10 Iver Johan Domaas Hoem  
 18.10 Tiril Rypdal Hovden  
 18.10 Bogdan Spoiala  
 18.10 Alma Lyche Breivik  
 18.10 Sivert Martinus Løvik-Rustad  
 01.11 Lilly Bruaset  
 22.11 Liam Nicolai Løvik  
 22.11 Aksel Matheo Nerheim-Lossius

### Vigde:

- 05.09 Tina Connor og Kay Søreng  
 19.09 Hilde Asbølmo Kjersem og Thomas Inge Kolberg Pedersen

## Døde:

- 22.09 Aslaug Bjermeland  
 08.10 Per Kåre Løvik

## Vike kyrkje

### Døypte:

- 01.11 Dominick Thor Tysse

## Bispevisitas i Vestnes



I perioden 1.- 6. mars 2016 kjem biskopen på visitas til kyrkjelydane i Vestnes.

Ho skal også gjere seg kjend i kommunen.

Formålet med bispevisitasen er å støtte, inspirere og vegleie kyrkjelydar og tilsette, og å gjere kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet.

Vi ønskjer biskop Ingeborg Midttømme velkommen til Vestnes!

## Einen i Tresfjordkyrkja

Av Tore Bjermeland



På bildet som vi har fra Tresfjord kyrkje frå ca. 1912, ser vi at det er einer på golvet. Denne skikken er truleg eldgammal. Einer har vore brukt til mange slags formål, som til dømes reingjering av alle slags kar i samband med salting, matlaging og brygging i tillegg til vask elles i husa. Sjølve bæret har òg vore brukt både medisinsk og som smakstilsetting. I det heile har eineren vore rekna som ei halvt "heilag" nytteplante. I mange år var det løpar (teppe) på golvet. Då vart det tungvint å fjerne teppet kvar gong det skulle leggast på einer. I seinare år er det olsok og i jula at det vert strødd hakka einer på golvet. Det skaper ekstra høgtidsstemning.

# Gudstenester i Vestnes

**06. des. 2. s. i advent**

*Vike kyrkje kl. 18.00*

Lysmesse. Takkoffer til konfirmantarbeidet i Tresfjord og Vike.

**Adventskonsertar:**

*13. des.: Fiksdal kyrkje kl. 15.00*

*13. des.: Vike kyrkje kl. 17.00*

*13. des.: Vestnes kyrkje kl. 19.00*

*20. des.: Tresfjord kyrkje kl. 19.00*

**20. des. 4. s. i advent**

*Tresfjord trygdeheim kl. 11.00*

Nattverdsgudsteneste.

*Vestnes sjukeheim kl 16.00*

Nattverdsgudsteneste.

**24. des. Julaftan**

*Tresfjord kyrkje kl. 14.00*

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

*Vestnes kyrkje kl. 14.00 og 16.00*

Julaftangudsteneste. Takkoffer til

Eigen kyrkjelyd og Kirkens SOS

*Vike kyrkje kl. 16.00*

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjekt i Mali.

**25. des. 1. juledag**

*Fiksdal kyrkje kl. 12.00*

Familiegudsteneste. Takkoffer til

Det norske Misjonsselskap.

*Vestnes kyrkje kl. 12.00*

Høgmesse m/ nattverd.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**26. des. 2. juledag**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse m/ nattverd.

Takkoffer til Misjonsselskapet.

**27. des. Romjulsøndag**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Songgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

**31. des Nyttårsaftan**

*Vestnes kyrkje kl. 22.30*

Gudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

**03. jan. Kr. openberringsdag**

*Vike kyrkje kl. 16.00*

Nyttårsfest i kyrkja.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

**10. jan. 2. s. i openberringstida**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer til Bibelselskapet.

*Vestnes kyrkje kl. 18.00*

Gudsteneste. Takkoffer.

**17. jan. 3. s. i openberringstida**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer.

**24. jan. Såmannssøndag**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer.

**31. jan. Kristi forkl.dag**

*Vike kyrkje kl. 11.00*

Tårnagentgudsteneste. Utdeling til

1. og 3. klasse. Takkoffer til trusopplæring i soknet.

**07. feb. Fastelavnssøndag**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Karnevalsgudsteneste. Takkoffer.

**10. feb. Askeonsdag**

*Vestnes kyrkje kl. 18.00*

Skriftmålsgudsteneste. Takkoffer.

**14. feb 1. s. i fastetida**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Tårnagentgudsteneste.

Utdeling til 1. klasse. Takkoffer til Romsdal sondagsskulekrets. Kyrkjekaffi.

**21. feb. 2. s. i fastetida**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer.

*Tomrefjord Kristne*

*Forsamlingshus kl. 18.00*

Kveldsgudsteneste. Takkoffer.

**28. feb. 3. s. i fastetida**

*Vike kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

**06. mars 4. s. fastetida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Visitasgudsteneste. Takkoffer.

**13. mars Maria bodskapsdag**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Lovsongsgudsteneste. Takkoffer.

*Fiksdal kyrkje kl. 18.00*

Lovsongsgudsteneste.

Takkoffer til misjonsprosjektet.

Årsmøte.